

ÅRSRAPPORT FOGN KYRKJE 2024



Ansvarskomiteen: Wenche Runestad, Eli Runestad, Magnar Sandanger, Terje Kjølvik, Merete Meling Kindingstad, Dag Olav Sæbøvåg og Heidi Bø Sangedal. Terje er leiar og Heidi er møtesekretær.

Komiteen har hatt 5 møter. Fogn kyrkje har hatt 16 gudstenester, inkludert to utegudstenester. Det er eit gjennomsnitt på 72 personar i kvar gudsteneste. I tillegg har det vore utegudsteneste på Byre, der kom 108 personar. Det var friluftsgudsteneste i Eidsvåg og på dagsturhytta. I tillegg til våre eigne sokneprestar Ola Aasland Vold og Terje Engstrøm har Svein Nybø og Gunnar Frøyland vore prestar. Det har vore ein dåp, ein vigsel og 6 gravferder.



Messing spelte på dagsturhytta. På Byre deltok fam Mossige v/Arne, Kirsten, Henrik, Ingrid, Anna og Steinar med song, piano og blåseinstrument.

Ved behov for organistvikar grunna ferie eller dobbelbooking har Geir Eskeland og Hilde og Wictor Juul vikariert.



I slutten av februar var det ein kulturveld i kyrkja. Per Anders Nordengen heldt foredrag og musikantane frå Green Sax frå Undheim bidrog musikalsk. Det var buss frå Ingvars reiser med og desse fekk først middag og etter arrangementet fekk alle kaffi og kake. Totalt 147 personar var til stades. Etter dette arrangementet sendte me kr 10 000.- til hjelpearbeid i Ukraina. Me hadde ein konsert med Randaberg yngre mannskor i lag med Arne Nordbø i starten av februar. Her var me heldige med at Grieg Seafood sponsa oss med kr 10 000,-

I tillegg har me til desse to tiltaka fått støtte frå Kirkekulturell myldring i Stavanger kirkelige fellesråd.

I mars hadde me ein salmekveld med fokus på Svein Ellingsen si historie og sangar. Mange bidrog denne kvelden. Eit prosjektkor frå Talgje og Fogn framførte fleire av songane hans, i tillegg til opplesing og allsong.



Nede i kjellaren hadde me i juni og juli framvising av EM kampar på storskjerm. Ole Johan Sandanger vart vertskap for dette og fleire både unge og vaksne kom innom.



Frå og med sommaren har me hatt kveldsbøn i kyrkja ein søndagskveld i månaden.

I haust arrangerte me Gospelnight med Unni Sæves Vignes m/fleire. Ein triveleg kveld med mange oppbyggelege sangar. Vi 3 var innom Fogn på turneen sin og hadde ein countrygospelkveld.



Me hadde ein bøn – og lovsangskveld med lokalt lovsongsteam leia av June Hovda. Anne Marte Sandanger leia samlinga og Daniel Heimstad talte.

Basaren var i år 26. okt. Det kom inn kr 30 360,- Halve beløpet vart sendt til misjonsprosjektet til Talgje sokn. Det resterande går til lokal bruk i kyrkja vår. Elias Esperås heldt andakt og TøfFOGNådig song.

I november blei det arrangert ein konsertkveld med folketonar og historier frå Hardanger «Besto syng» eit flott arrangement som blei organisert av Sondre Sandanger Sørheim og formidla av Solveig Sørheim Eikanes, Ingemund Torsheim Eikanes og Steinar Aalvik.



Kyrkja var saman med andre lokale lag pådrivar for Vandremiddag som var i september. Her var mange med og fleire blir oppfordra til å vere med neste gong.

Me syng jula inn er blitt ein fin tradisjon på Fogn, kvelden samlar mange og me har mange dyktige songerar både barnekorguppe og solistar. Eit husband spelte til sangane.

Ungdomslaget hadde ei samling i kyrkjekjellaren lille julafta.



I samband med jul var det både julevandring med barnehagen og skulegudsteneste. Reidun Bråtveit som er kyrkjelydspedagog har hatt samling med dei yngste knytta til hausstakkefesten.

Kyrkjebåten var innom Fogn i mai, dette er ein stafett som skal innom alle sokna i bispedøme i samband med markering av 900 årsjubileumet til Stavanger bispedøme, byen og domkyrkja i 2025. På Fogn hadde me båten med i 17. maifeiringa. Elevar på Fogn oppvekstsenter hadde laga den fine logoen som me teikna på seglet. Takk for den gode jobben!





Haustattakkefest



Lys Vaken



Stavanger krk fellesråd har i år installert i nytt brannvarslingsanlegg med direktekopling til brannvesenet. Vindaugskarmane har også blitt mala utvendig og det er gjort nødvendige

utskiftingar. Ventilasjonsanlegget er blitt oppgradert. I tillegg har teppe i kyrkjerommet fått nødvendig vedlikehald. Kyrkja fekk godkjenning frå biskopen til å bruke dei bildene me har fått frå Kåre Holm oppe i kyrkjerommet bak i kyrkja – her heng alle kyrkjebildene, nede heng dei lokale bildene me fekk. Kåre fekk eit tre planta i hagen sin ved hytta som takk for dei flotte bildene. Av sølvsmed Folke og Bjørg Helen Helle fekk me ny nattverdkalk i sølv, denne er også godkjent av biskopen til bruk. For denne gava gav me dei ein blome til jul.



Foto: Else Jorunn Løland

Me har ei liste med frivillige som vaskar i kjellaren ved behov. Ute hadde me ein dugnad på våren for å klargjere bed og gravplass. Det er blitt rydda litt inne, kjøpt inn litt nytt utstyr til kjøkkenet og saga ned nokre tre utføre. I tillegg blei det gjort ein ekstra dugnad med ugrass i belegningssteinen. Me hadde og ein dugnad inne kor vindu blei vaska og kjøkkenet nedvaska.

Ansvarskomiteen har ein eigen avdeling i rekneskapet til Talgje sokn. Desse pengane brukes til investeringar lokalt til det me treng i kyrkja vår, mest i kyrkjekjellaren og ute. I år har me fornya litt utstyr til kjøkkenet. Inntektskilder er basaren og torsdagscafeen, samt utleige av kyrkjekjellaren til merkedagar, minnestund og evt anna. Utgifter til kyrkjekaffi dekkes av Talgje sokneråd sin generelle konto. Til denne kontoen går også ofringar til eigen kyrkjelyd. Me har frå og med hausten 2024 lagt barnearbeidet med tiltaka Hobby og tru og TøfFOGNådig inn under kyrkjelydsarbeidet til Talgje sokn. Viss det er fleire enn 10 betalande medlemmer får me aktivitetsstøtte av Stavanger kommune til desse tiltaka. Innsamla midler til kyrkjelyden nyttes elles til konfirmantarbeidet, dåpsmateriell og Bibel ved vigsel med meir. Når det gjeld straumutgifter og utgifter til vasking, lyspærer med meir er det dekka av Stavanger kyrkjelege fellesråd.

AKTIVITETER:

TøffFOGNådig: Leierar: Kjersti Sandanger, Anne S Østhush og Dag Olav Sæbøvåg. Det er 5 – 9 ungar frå 1. – 7. klasse som deltek. Koret har hatt 13 øvingar. Dei har sunge på gudsteneste, basarkveld i kyrkja, basar på bedehuset og Me syng jula inn.



Hobby og tru: Leierar har vore Jannike Jessen Vågane og Heidi Bø Sangedal i lag med foreldre. Me har bibelforteljing og bakeaktivitet. Me har hatt 15 samlingar og dette samlar mellom 12 – 22 barn frå 1. klasse og nedover. Me har 16 medlemmer og vil søke kommunen om aktivitetsstøtte.



Kveldsmøter og anna: Lovsangsmøte v/ Daniel Heimstad og lovesong ved lokale krefter.

Kveldsbøn ein søndag i månaden.

Konsertar og songkveldar: Randaberg yngre mannskor, Svein Ellingsenkveld, Gospelnight, Countrygospelkveld, Besto syng.

Prosjektkor: Før jul hadde Dag Olav Sæbøvåg regi og ansvar for å eit kor som song to songar på Me syng jula inn. Dag Olav Sæbøvåg hadde og ansvar for eit kor som har sunge inn nokre sangar av Svein Ellingsen i samband med Svein Ellingsen kvelden.

Torsdagcaf  : Me har gjennom  ret hatt  pent i kyrkjekjellaren kl 11 – 14 så   seie kvar torsdag. Her er det kaffi og vafler. Det er ca 15 – 30 personar som er innom cafeen. Antalet varierer for kvar gong. Anders Kvalev g hadde k seri om kristenretten og Landslova p  ein av samlingane. Siste gong f r jul hadde me Geir Eskeland med til   spele til nokre julesongar etter at me hadde hatt julegr t. Det er fleire frivillige som deler p    steike vafler og ha

ansvar gjennom året. Ca kl 1215 har me ei felles samling kor me les ein andakt frå ei bok. Oppe i kyrkjerommet er det anledning til å tenne lys og ha ei stille stund for dei som ønsker dette.




Språkcafé: Vert arrangert i lag med Frivilligsentralen og helselaget. Annankvar torsdag kl 18 – 20 Fleire nasjonalitetar har vore innom og det har vore frå 5 til 15 på det meste. Formålet er at dei som ikkje er så trygge i norsk skal praktisere språket og på denne måten bli tryggare. Det er kaffi og litt mat, så er det speling av ymse slag eller tema som blir omsnakka. Det har vore både born, unge og voksne på samlingane. Ingvild Angelskår Moen og Ragnhild Valand har vore med enkelte gonger.



Symaskin i kyrkja: Samarbeid mellom kyrkja, helselaget og husflidslaget. Folk kan komme å få hjelp til å sy om/reparere plagg eller lage noko nytt av gamle plagg. Dette oppfordrar til gjenbruk og redesign og er på denne måten eit miljøtiltak. Eli Runestad og Dagrun Bø er rettleierar.

Konfirmantjubileum: Har ikkje hatt eige jubileum, 50 årskonfirmantar frå Fogn blei invitert til å vere med Hesbykonfirmantane.

Ringarlauget Fogn julekiming: Julafta kunne heile 15 nye personar seie seg som medlem og var med og ringte jule inn mellom kl 1700 – 1800



Frivillige:

I tillegg til leierar og dei som er nevnte over her har me og andre som bidreg med frivillig teneste.

Kyrkjekaffi: Me har 12 personar som står på ei liste for kyrkjekaffi. Folk set pris på kaffi og drøs.

Vaskedugnad: Det er 11 personar som vaskar kyrkjekjellaren på dugnad.

Tekstleserar: Me har ei liste på 7 stk som les teksten i gudstenesten. Dette gjere også barn og konfirmantar.

PR/markedsføring: Fogn kyrkje har eiga side på facebook kor me legg ut arrangement.

Pynting til gudstenester: Me har 3 frivillige som deler på å pynte alteret til gudstenestene.

Lyd og lys: Bjørn Runestad var lydmann på Byregudstenesten og Gospelnight. Til Me syng jula inn var Lars Magne Grødem og Øyvind Sandanger lydansvarlege. Me har starta ei vurdering ang. evt nytt lydutstyr.

Friluftsgudsteneste på Byre: Ein lokal gjeng beståande av Arne Sigurd Mossige, Kari Velve Byre, Jon Olav Runestad, Ottar Sandanger, Irene Byre med fleire hadde hand om planlegging og tilrettelegging. I tillegg stiller fleire med kaker. Bjørn Runestad hadde lydansvar og det er veldig hjelp i det, Gunnar Frøyland var prest dette året.

Tusen takk til alle som gjere teneste i kyrkja. Takk til Talgje sokneråd for inspirasjon til teneste og aktiviteter i 2024. Takk til prestar og stab som bidrar til gode gudstenester som gir oss ny kraft og mot til videre teneste. Takk til alle som kjem og saman er med å skape eit godt fellesskap i kyrkja.

Me ser fram til komande år og ønsker Guds velsigning over arbeidet vårt og folket på Fogn.